

## ÅRSMELDING FRÅ STYRET I TROMSØ SV 2014

Styret i Tromsø SV har hatt slik samansetning etter konstituering 06.02.14 (valt på årsmøtet 25.01.14):

|                |  |
|----------------|--|
| Leiar          | Pål Julius Skogholst   |
| Nestleiar      | Gunhild Johansen   |
| Skrivar        | Ellen Herland  |
| Kasserar       | Pål Julius Skogholst   |
| Styremedlemmar | Jens Revold<br>Kjerstine Solheim<br>Terje Håkstad<br>Bjarne Rohde<br>Reidun Heggen/Helene Mikkelsen (SU) |
| Varamedlemmar  | Tone Bjørnsen<br>Anders Torgeir Lind   |

I tillegg var styret samde om følgjande:

1. mai komitéen      Bjarne Rohde

Ansvar for Facebook, Twitter, heimeside m.m. (kommunikasjonsansvarleg.) Terje Håkstad.

oooooooooooooo

### **Styremøte**

Styret har hatt **11 styremøte** i perioden 13.01.14 – 11.01.15.. Oppmøtet har vore litt varierande, men nok til at vi var vedtaksføre. Stort og godt engasjement heile vegen. Alle møta har gått føre seg på partikontoret..

## **Medlemsmøte/opne møte i 2014**

- 10.03.14: Medlemsmøte på partikontoret. Tema: Om SV sin ”Havarirapport”. Innleiar Arne Overrein. Ansvarleg Jens Revold. Oppmøte: 9 medlemmar.
- 01.05.14: 1. mai – tilstelling for medlemmar og andre. Oppmøte: Ca. 25 vaksne + ein del ungar. Eit triveleg bordsete!
- 19.09.14: Medlemsmøte på partikontoret. Tema: Utanrikspolitikk. Innleiar: Bård Vegar Solhjell.
- 21.10.14: Medlemsmøte på partikontoret. Tema: Tre år med høgrestyre. Innspel til prinsippprogrammet
- 03.12.14: Medlemsmøte om kommunebudsjettet

## **Arbeidsplan 2014 for Tromsø SV**

**Årsmøtet i Tromsø SV i 2014 vedtok denne arbeidsplanen:**

### *Politikk*

*Tromsø SV skal utarbeide en kampanje i forlengelse av «Ja til Nord-Norge»-kampanjen som et grunnlag for å vinne valget i 2015*

*Tromsø SV skal:*

- fortsette samarbeid med de andre opposisjonspartiene i kommunestyret, med sikte på å få et nytt politisk flertall etter kommunevalget 2015.*
- samarbeide med fagbevegelse, miljøbevegelse, og solidaritetsorganisasjoner for å oppnå de overordna politiske målene vedtatt i program.*

### *Organisasjon og skolering*

*Tromsø SV skal avholde minst 6 medlemsmøter/åpne møter for å skolere medlemmer og skape debatt i partiet og lokalsamfunnet.*

*Tromsø SV skal utarbeide en lokal brosjyre/flygeblad som skal deles ut i løpet av 2014. Dette har som formål både å aktivisere medlemmer selv om det ikke er valgår, samtidig som det bidrar til å spre informasjon om partiet og politikken. Dette kan også gi verdifull trening i forkant av valgkampen i 2015.*

### *Kommunevalg 2015*

*Programarbeidet skal starte våren 2014, med sikte på å vedta program på årsmøtet i 2015. Programarbeidet skal være åpent og det skal prioriteres å hente inn innspill fra samarbeidende organisasjoner. For å gjennomføre en så åpen prosess som mulig, skal programutkast ligge åpent tilgjengelig på nett for medlemmer og andre.*

*Nominasjonsmøte avholdes før jul i 2014.*

Arbeidsplanen oppfylt i stor grad. Det er ikkje laga ein ferdig kampanje, men det er jobba mykje med å synleggjere konsekvensane for innbyggjarane av høgrestyret i kommunane. Vi har mellom anna laga ein rapport som finst på nett. (<http://www.tromsosv.no/konsekvensar-av-tre-ar-med-hogrestyre/>) I utgangspunktet hadde vi tenkt å lage ein løpeseddel basert på denne rapporten som vi skulle spreie gjennom rodegang. Dessverre vart det såpass seint på hausten før denne vart ferdig at rodegang var uaktuelt. Vi valde derfor å spreie bodskapen på nett og brukte ein del ressursar på reklame på facebook og google.

Nettet, og spesielt sosiale media er etterkvart blitt den måten vi enklast får formidla bodskapen vår på. Det er svært viktig at medlemmar og andre sympatisørar deler og liker gode SV-saker på nett. Slik skaper vi truverdigheit. Dessutan blir folk i større grad overtydd av venene sine enn av eit parti. Derfor vil ei SV sak som blir delt av andre få større gjennomslag og bli oppfatta som viktigare. Tromsø SV har 1050 følgjarar på facebook. Litt over halvparten er frå Tromsø.

Vi har samarbeidd godt med med fagrørsle, miljørørsle, og solidaritetsorganisasjonar for å oppnå de overordna politiske måla vedtatt i program.

Vi har ikkje klart å arrangere seks medlemsmøte. Det vart fire møter der vi har prøvd å gje medlemmane høve til å kome med innspel på viktige debattar i partiet lokalt og nasjonalt.

Kommuneprogramprosessen er gjennomført som som ein open prosess der alle innbyggjarane i Tromsø er invitert til å vere med å utvikle politikk. Dette er eit eksperiment som må evaluerast når det er omme. Styret meiner det er viktig å legge opp til opne prosessar, men vi er usikre på om vi har funne dei rette verktya.

**Medlemstalet i Tromsø SV pr. 31.12.14 var: 190 (Pr. 31.12.13: 189)**

oooooooooooo

Pål Julius Skogholt  
(sign.)

Gunhild Johansen  
(sign.)

Bjarne Rohde  
(sign.)

Jens Revold  
(sign.)

Terje Håkstad  
(sign.)

Kjerstine Solheim  
(sign.)

Reidun Heggen (SU)  
(sign.)

Ellen Herland  
(sign.)